

**Bispedømerådsleiar Vemund Atle Øiestad sin tale ved lunsjen for biskop Ragnhild i Håkonshallen
16. april 2023**

Dykkar Majestet. Vyrde gjester.

Kjære Ragnhild. Gratulerer med dagen.

Eg vil også gratulere oss alle med vår nye biskop.

Då vi skulle finne kandidatar til ny biskop i Bjørgvin var du eit av meir enn 90 namn som vart foreslått. Det var sjølvstakt at du var ein av dei som vi kalla inn til intervju. Det vart også raskt klart at du vart ein av dei fem vi nominerte. Det var mange som tenkte at no må Bjørgvin få ei kvinne som biskop. Men du vart ikkje biskop fordi du er kvinne. Men du vart biskop fordi du var ein av fleire sterke kandidatar. Det var såleis inga overrasking då Kyrkjerådet tidlegare i år tilsette deg som vår nye biskop i Bjørgvin.

Du har variert erfaring både frå kyrkje- og bedehus-miljø. Dessutan har du no betydeleg leiarerfaring som domprost i Nidaros. Dette kjem vel med når du skal leie vestlendingar som har både kyrkjer og bedehus. Vi trur alle på det same, men kan tru litt ulikt og ha ulike meiningar.

Namnet ditt, Ragnhild, kjem frå det norrøne Ragn-hildir. Ragn tyder råd, avgjerd. -hildir tyder strid. Eg tek dette som eit teikn på at i tilfelle strid i Bjørgvin, så vil du kunne gje gode råd og ta gode avgjerdar. No opplever ikkje eg at det er store stridar i kyrkja i Bjørgvin. Men Bjørgvin er også ei tidlegare form av namnet Bergen. Namnet Bjørgvin tyder grøn eng mellom fjella, og her vil du nok snart merke at her er det strid om bybanen skal gå over Bryggen. Men det treng ikkje biskopen eller kyrkjestyret i Bjørgvin å meine noko om.

Vi som høyrde preika di sist 1. juledag, vart klar over at du er ein solid teolog og god forkynnar, og dessutan ein framifrå liturg. Du har ordet i di makt, og du har ein spesiell klang i røysta di som gjer at vi høyrer etter.

Eg registrerer at vi allereie er mange som er glade for at vi har fått deg som vår biskop i Bjørgvin. Vi som er medlemmer i Noregs mållag set også ekstra pris på talemålet ditt.

Du er hjarteleg velkommen til bispeteneste i Bjørgvin.

Og eg ynskjer Guds signing for tenesta di!